

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Organisasjon

Orgnr 970168990

Namn på verksemd Norges Husflidslag

Adresse Firdavegen 5

Postnummer/-stad 6800 Førde

Kontaktperson

Namn Magnhild Runde

Telefon 94025059

E-post magnhild@husflid.no

Enhet i virksomheten Organisasjonsavdelinga

Innspel

3.1 Omstilling og konkurransekraft

"Både for offentlig- og privat sektor vil digitalisering, automatisering og kunstig intelligens vere sentrale element for å sikre innovasjon, omstilling, produktivitet og konkurransekraft." Samtidig skal ein også vere bevisst på yrkesgrupper og næringar som ikkje kan la seg løyse ved hjelp av kunstig intelligens og digitalisering, men likevel er ein viktig del av den grønne omstillinga. Det er viktig at desse næringane ikkje vert forfordelt.

3.1 Omstilling og konkurransekraft

3.1.2 Sirkulærøkonomi

Dette avsnittet burde også inkludere reparasjon som ein av faktorane for sirkulær økonomi. Gjennom EU direktivet- «Retten til reparasjon» vil behovet for reparatørar auke framover og tilgang til reparasjon vere avgjerande for å nå målet om lågare forbruk.

I rapporten «Sirkulære Bergen» har SINTEF analysert potensialet for auka sysselsetting og verdiskaping bl.a. innan områda elektronikk og elektronisk utstyr. «Scenarioet økt levetid, mer reparasjon i SINTEFs analyse gir det største identifiserte potensialet for økt sysselsetting. Den har en potensiell økning på ~255 sysselsatte i Bergen i 2030, og nær tregangen i ambisiøst scenario. Produksjon av elektriske produkter skjer i svært liten grad i Norge. Derfor er butikkhandel med EE og reparasjon av EE de viktigste næringssektorene» (s.44, sirkulaere-bergen-rapport.pdf)

Frivillige organisasjonar kan i større grad få ansvar for sambrukstenester for innbyggjarar. T.d. vil lokale Husflidslag mange stadar kunne ha kompetanse til å ha ansvaret for Folkeverkstadar, verkstadar der innbyggjarnane kan få tilgang til ulike verktøy og maskiner, samt hjelp til å reparere og lage ting sjølv. Folkeverkstadane vil vere viktige stadar for uformell opplæring, og har stor grad av moglegheiter innan mangfald, inkludering og integrering. Å la frivillege organisasjonar ta del i ansvaret for sambrukstenester vil lette på kommunane sine utgifter og samtidig gi frivillige organisasjonar eit betre grunnlag for drift av eigen organisasjon.

3.1 Omstilling og konkurransekraft

3.1.3 Innovasjonssystem

Det er viktig med innovasjon for å klare ei stor omstilling til eit grønt skifte. Likevel er det også viktig å ta vare på dei aktørane og arbeidsplassane som allereie arbeider «grønt» eller kan ved små omstillingar tilby «grønnare» tenester utan av dette er innovativt i ordets rette forstand. Det må leggjast til rette for at også desse kan ta del i eventuelle midlar for å vidareutvikle sine bedrifter. T.d. ein småskala handverksbedrift som har hovudnæringa si innan nyproduksjon, vil kunne tilby reparasjonar gjennom enkle grep, men som kanskje vil ha behov for, for bedrifta, ei kapitalkrevjande omstilling.

3.2 Kompetanse og inkludering

3.2.1 Behov for eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod

Gjennom EU direktivet- «Retten til reparasjon» vil det i framtida bli eit vesentleg behov for nok yrkesutdanna til å kunne utføre reparasjonar av ulike produkt. Dette vil seie at vidaregåande yrkesopplæring og/eller fagskule bør tilby utdanningsprogram som spissar seg inn mot denne næringa.

Dersom Norge skal nå berekraftsmåla, må ein i større grad bruke eksisterande bygningsmasse, i stadenfor å rive og bygge nytt, både nærings- og private bygg. De mest bærekraftige byggene finnes allerede - SINTEF . Difor vil det vere viktig at Vestland har nok yrkesfaglærte som har kunnskap i og om rehabilitering av eksisterande bygg. Både vidaregåande opplæring og fagskule vil kunne legge til rette for å gi ei slik opplæring. Ein bør også vurdere om fagskulen kan vidareutdanne yrkesfaglærte innan bygg -, konstruksjon og handverksfag, for å få kompetanse i å prosjektere større rehabiliteringsprosjekt med fokus på berekraft og gjenbruk av eksisterande bygningsmasse.

Det er også viktig at uformell kompetanse vert tatt med i heilskapen, og studieforbunda i Vestland | Voksenopplæringsforbundet (VOFO) vil kunne vere ein viktig part i dette. Dei fleste frivillige organisasjonar er knytt til eit studieforbund og tilbyr kurs som kan gje uformell kompetanse innan ein stor variasjon. Planen bør inkludere denne type uformell læring og ha som mål å ha eit godt samarbeid mellom dei frivillige organisasjonane som held kurs, studieforbunda og fylket.

3.2 Kompetanse og inkludering

3.2.2 Gjennomføring av kvalifisering i utdanningssystemet

«Karriereveiledning er en sentral faktor i overgangen frå ungdomsskolen til den vidaregåande skolen, men også vidare i livet. Det er derfor viktig at eleven får undervisning og rådgivning om karrierelæring tidlig.» (s. 69, Karriereveiledning på ungdomsskolen» av André Kjærvik Swiboda)

God kvalitet på karriererettleiing i grunnskulen er viktig. Å legge til rette for etterutdanning av lærarar og god tilrettelegging for karriererettleiarne i skulane vil her vere viktig. På denne måten kan elevane få ei god rettleiing på eit tideleg tidspunkt og ungdomane har større føresetnad for å ta dei rette vala, slik at fleire klarer å stå heile utdanningsløpet ut.

Å kunne klare overgangen mellom elev til lærling handlar ofte om tilgang til lærebedrift. Fylket må legge til rette for at små bedrifter kan klare å ta imot ein lærling, utan at dette har altfor stor kostnad, både på kapasitet og økonomi.

3.2 Kompetanse og inkludering

3.2.3 Mangfaldig og inkluderande arbeidsliv

Det er viktig at planen ser på dei frivillige organisasjonane som ein reell bidragsytar her. Mange som fell i frå arbeidslivet opplever at sosial distansering vert ei tilleggsutfordring, som kan gjere terskelen for å komme tilbake i arbeidslivet høgare. I ein frivillig organisasjon vil forventningane til meistring ikkje vere på same nivå som i eit arbeidsforhold. Deltaking i frivillig arbeid vil kunne bidra som ein inngangsport til å både auke den faglege kompetansen gjennom kurs og organisasjonsopplæring, og auka meistringsevene gjennom ansvar. Gjennom aktivitet i frivillige organisasjonar vil mange også få høve til å betre norskkunnskapane sine. Eit tett samarbeid mellom dei frivillige organisasjonane og fylket vil vere viktig.

I tillegg bør det oppfordrast til samarbeid mellom frivillige organisasjonar og jobbspesialistar, slik at dei som står utanfor arbeidslivet også kan bli introdusert til ulike frivillige organisasjonar. Dette kan gi kandidatar «smakebitar» innan mange ulike fagområde, og gi ei opning for at ein kan bidra til samfunnet på andre måtar enn gjennom eit arbeidsforhold.

3.2 Kompetanse og inkludering

3.2.4 Samarbeidsstruktur

Flott at frivilligheita er inkludert her, men det er viktig at ein også ser på korleis frivillegheita kan vere ein del av heile biletet, og ikkje kun innan inkludering.

4. Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen

Vil oppfordre til å også ha med EU-direktiv som vil innsyn i endringar som vil komme, t.d. "retten til å reparere" og "Produsentansvar for tekstil"